



Møre og Romsdal fylke



Miljøverndepartementet  
Postboks 8013 Dep  
0030 OSLO

Dykkar ref:	Dykkar dato: Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	FM: 2005/1410/ULLU/434.21	Ulf Lucasen, 71258859	25.05.2005

## Utkast til forskrift om rovvilterstatning for husdyr og tamrein - høyringsuttale

Vi viser til saksdokument send over ved brev av 24.02.05.

Vi støttar målet om at erstatningsordninga bør motivere til reduserte rovvilttap. Vi har likevel innvendingar mot vesentlege delar av den framlagde forskrifta. I det vidare vil vi gå inn på dei mest vesentlege punkta.

Vi vil innleiingsvis peike på at vår hovuderfaring med vesentleg rovviltskade på bufe dreiar seg om jerveskade på sau. Av erstatningane for jerveskade dei seinare åra er om lag 5 % betalt ut på grunnlag av dokumenterte kadaver medan omlag 95 % er betalt ut som sannsynleggjort skade.

Vi har og ein god kongeørnbestand, men kongeørna valdar lite skade på sau. For kongeørn er ein vesentleg høgare del av erstatningane betalt ut på grunnlag av konkret dokumentasjon på kadaver.

### Kommentarar til hovudprinsippa:

I møte i Trondheim 21.10.04 i regi av Direktoratet for naturforvaltning blei dei nye erstatningsreglane skissert. Det blei da nemnd at den nye erstatningsordninga ville bygge på tre element med om lag slike delar av den totale erstatningssummen:

Risikoerstatning: 80 %  
Dokumentert rovviltskade: 10 %  
Udokumentert rovviltskade: 10 %

Vi oppfattar høyringsdokumenta dit at ein vesentleg del av totalerstatninga vil bli betalt ut som risikoerstatning. Det er likeeins sagt at totalkostnadene ved erstatningsordninga ikkje skal auke.

Slik vi har oppfatta utmåling av risikoerstatning, ser det ut til at dette vil bli gjort i ein arealmessig skala som langt overstig beiteområda for dei einskilde brukarane. Det vil seie at relativt mange brukarar vil få same risikoerstatning. Det vil erfaringsmessig dreie seg om nokre brukarar som har hatt høge tap fleire av dei seinare åra og andre brukarar som aldri har hatt tap – og neppe vil få det.

I praksis vil det seie at den nye erstatningsordninga vil yte risikoerstatning til sauebruk som ikkje er utsett for rovviltsskade. Med ein uendra totalpott til erstatning, fører det til at det ikkje blir nok midlar att til å yte erstatning for udokumentert rovviltsskade til dei brukarane som har tap der det er mest truleg at det er freda rovvilt som er årsak til tapa. **Vi kan difor ikkje sjå at forslaget er i tråd med § 12a i viltloven**

Dei som ikkje forventar tap til rovvilt vil heller ikkje vere motiverte til å utføre tiltak som kan redusere framtidig skade. Det vil føre til at utbetalt risikoerstatning til desse brukarane vil fungere som ekstraintekt, og ikkje virke i tråd med intensjonane med forskrifta.

Framlegg til endringar:

Ved utmåling av risikoerstatning må det leggjast vekt på erfaringsbasert historisk rovviltsskade slik det går fram av erstatningsutbetalingane i rovbasen. Det vil minske utbetalinga av risikoerstatning til dei som vi ikkje ventar vil få rovviltsskade i sine buskarar. Samstundes vil det auke sjansane for at risikoerstatninga nyttast til førebyggjande tiltak. Vi ventar og at det vil gi høve til å dekkje alt sannsynleggjort rovvilttap utan vesentleg trong til auking av totalløyvinga til erstatning.

Vi rår og til at risikoerstatninga blir betalt ut utan søknad til dei bruka som tilfredsstillar krava fordi det er ein risiko for at få vil søkje om risikoerstatning i einskilde område. Dersom få søkjer om risikoerstatning, vil den nye erstatningsordninga fungere om lag som gjeldande forskrift utan direkte økonomisk motivasjon til å førebyggje skade. Vi vil kommentere at sosiologiske mekanismar i bygdene kan vere medverkande årsak til at einskilde brukarar ikkje vil søkje risikoerstatning.

#### **Kommentarar til § 4**

Sauenæringa er svært samansett i vårt fylke som andre stadar i landet. Nokre få buskarar er store og utgjer hovudnæringa på bruket, men det er likevel dei små sauebruka som dominerar og utgjer det store volumet. Om ein ser på verdiane av sauehaldet, kan det til dømes listast opp på denne måten:

1. Produksjon av kjøtt og ull
2. Distriktsnæring – busetting
3. Motiverar for å halde innmark i hevd
4. Opprettheld attraktivt utsjåande landskap med beitedyr.
5. Opprettheld botanisk-økologiske verdier i spesielt verneverdige kulturlandskapsområde

I einskilde område er det mange små sauebruk, også mange som er så små at dei ikkje oppfyller krava til å motta produksjonstillegg for husdyrhald etter jordbruksavtalen. Desse bruka har i utgangspunktet låge inntekter frå sauehaldet. Om dei blir utsette for rovdyrskade utan å ha rett til erstatning, vil det lett kunne føre til at dei sluttar med beitedyr. Det vil vere svært ugunstig med tanke på mål om å oppretthalde attraktivt utsjåande landskap samt oppretthalde botanisk-økologiske verdier i spesielt verneverdige kulturlandskapsområde.

Framlegg til endringar:

Vi vil difor rå til at tilfredsstilling av krava for å få produksjonstillegg for husdyrhald blir fjerna som krav for å ha rett på erstatning. Om det ikkje er rom for å ha dette som ein generell regel, bør det i alle høve kunne praktiserast etter ei konkret vurdering av trongen til beitedyr i det aktuelle beiteområdet; jf spesielt punkta 4 og 5 i opplistinga av verdiane av sauehaldet. Område skildra i Regionalt miljøprogram kan leggjast til grunn for ulik handsaming av søkjarane.

**Kommentarar til § 6**

Denne paragrafen passar for det gjeldande sauehaldet som har vore dominerande dei seinare åra. I tillegg er det auka interesse for rasen Gamal norsk sau/utegangarsau og andre rasar som kan gå ute om vinteren. Dette kan og gjelde andre husdyrartar.

Hovudutbreiinga av utegangarsau er langs kysten i område der vi har lite rovviltskade, men det er og ei viss utbreiing av denne rasen innover i fjordstroka. Dette vil gje auka samanfall med utbreiinga av potensielt skadegjerande rovvilt. Dette er og eit sauehald som det blir stimulert til gjennom Regionalt miljøprogram.

Framlegg til endringar:

Det gis erstatning for tap av bufe også i perioden 1. november – 1. mai der bufehaldet skjer i tråd med gjeldande lovar og reglar for dyrehold.

**Kommentarar til §14:**

Det skal gjerast frådrag for mellom anna utbetalt risikoerstatning ved fastsetting av erstatning for udokumentert rovviltskade. Intensjonen med risikoerstatninga er at den skal nyttast til førebyggjande tiltak mot rovviltskader. Dei brukarane som har store rovvilttap, og som har brukt ein vesentleg del av risikoerstatninga for å førebygge tap, kjem difor dårlegare ut av erstatningsoppgjeret enn dei som har låge tap og berre har rekna risikoerstatninga som ein del av inntekta. Det vil seia at reglane delvis motiverar for å handla mot føremålet med forskrifta.

Framlegg til endringar:

Vi foreslår at det blir lagt inn sterkare økonomisk motivasjon for å redusere rovvilttapa ved at dokumenterte utgifter til utførte tilrådde førebyggjande tiltak blir godtgjort ved utbetaling av erstatning for udokumentert rovviltskade. Det gjer at reknestykket ved utbetaling av erstatning for udokumentert rovviltskade kan sjå slik ut:

	Totaltap
-	Normaltap (inkluderar alle tap som ikkje er sannsynleggjort som rovvilttap)
-	Erstatning for dokumentert skade
-	(Risikoerstatning – Dokumenterte utgifter til anbefalte førebyggjande tiltak)
=	Erstatning for udokumentert rovviltskade

Teoretisk sett kan dette føre til at det blir trong til meir midlar samla sett til erstatning for rovviltskade, men ein må og vente at rovvilttapa går meir ned dersom det blir gjennomført tilrådde førebyggjande tiltak. Dette vil på lang sikt føre til reduserte utbetalingar til erstatning.

**Kommentarar til § 3 b:**

Vi vil rå til at det blir ytt erstatning for all dokumentert skade på hund uavhengig av rase og bruksområde. Dette vil dreie seg om svært små beløp årleg, men vi ventar at dette vil vere konfliktdempande der slik skade oppstår.

**Samordning av erstatningsordningar**

Katastrofetap i husdyrhald er ei ordning over jordbruksoppgjeret som for nokre brukarar er direkte tilgrensande til denne erstatningsordninga. Vi vil be Dykk om å vurdere ei samordning av søknadsskjema for katastrofetap med søknadsskjema for erstatning for rovviltskade slik at desse erstatningsordningane kan sjåast i samanheng.

Vi vil avslutningsvis peike på at våre kommentarar på vesentlege punkt kunne vore meir presise om forskrift om utrekning av risikofaktor hadde kome på høyring samstundes med eller før høyringa på denne forskrifta. Uavhengig av dette, vil forslaget slik det er skissert i høyringsdokumenta føre til at dei brukarane som er mest belasta med rovvilttap vil tape økonomisk. Vi ventar at det vil føre til at fleire bruk i område med rovviltskade vil avvikle sauehaldet.

Uttalen som vi gir i dette brevet er lagt fram for det partssamansette Rovviltutvalet i Møre og Romsdal i møte 18.05.05. **Rovviltutvalet er samd i våre merknader til forskrifta.**

Med helsing



Per Fredrik Brun (e.f.)  
Direktør Areal- og miljøvernavdelinga



Trond Haukebø  
Seksjonsleiar

Kopi: Rovviltnemnda for region 6 v/Fylkesmannen i Nord-Trøndelag  
Rovviltutvalet i Møre og Romsdal